



2025/2026

Årsplan og infohefte

Helstad barnehage

-Felleskap og nye opplevingar er vårt fokus!



PERSONALET

NAMN	STILLING	TELEFONNR
Susan Aambakk Helsem	Einingsleiar 100 %	464 111 30, 926 77 414
Hilde Ånes Sve	Pedagogisk leiar 100 %	464 111 33/38/39
Marlen Øen Hjellbakk	Pedagogisk leiar 100 %	464 111 38/39
Cecilie Fannemel	Pedagogisk leiar 100 %	464 111 33
Reidun Kristin B. Giskehaug	Fagarbeidar 80 %	464 111 38/39
Marianne R. Vågsæter	Fagarbeidar 80 %	464 111 33
Gintare C-Stocke	Fagarbeidar (fleispråkleg) 70 %	464 111 38/39
Tone F. Teigen	Assistent 70 %	464 111 33
Ida Øen Hjellbakk	Spesialpedagog 67 %	464 111 39/38

BARNEHAGEN

Helstad barnehage er ein kommunal barnehage som ligg i Strandadalen. Barnehagen har eit stort uteområde med blant anna eigen ballbinge, stor hage, mykje plass til sykling og andre aktivitetar.

Barnehagen har 36 plassar som er fordelt på to avdelingar. Raudrevane (småbarn) og Blårevane (storbarn). Alder på barna er frå 11mnd-6 år.

Barnehagen leiger eit utmarksområde som vi kan gå til eller trille når dei minste er med. Denne innegjerda plassen heiter "Lempen". Her har vi gapahuk, grue, benkar og bord. Dette er ein fantastisk boltreplass for store og små i barnehagen.

OPNINGSTID

Barnehagen er open måndag til fredag 6.40-16.15

- Opphaldstida er maks 9 timar per dag (full plass = 45 timar per veke).
- Opphaldstida på 9 timar er inkludert levering og henting.

Ved for seint henta barn etter kl. 16.15 blir det sendt ut ekstra faktura på kr 500,-

SAMARBEIDSUTVAL OG FORELDRERÅD

For å sikre samarbeidet mellom heim og barnehage, skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd (jr. Lov om barnehagar). På Helstad barnehage har vi slått saman SU og FAU når vi kallar inn til møte 2 gongar i året. Det betyr at både SU sine representantar og FAU sin representantar møter i lag. Ved andre møter er dette opp til leiarane og medlemmane i SU og FAU å bestemme kven som skal møte.

SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Skal gjennomgå budsjettforslag frå einingsleiar og godkjenne barnehagen sin årsplan.

FORELDRERÅDET (FAU)

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldra vel dette styret sjølv (godkjenning av nytt styret skjer på første foreldremøte etter sommaren). Foreldrerådet skal vere eit bindeledd mellom foreldregruppa og barnehagen. Foreldrerådet kan ta opp saker som er til det beste for barna i barnehagen. Foreldrerådet sitt ansvar er å sikre og fremje samarbeidet mellom heim og barnehage.


SAMARBEIDSUTVALGET og FORELDRERÅDSSTYRET 2025 – 2026

- Leiar i SU Hanne Mathiesen, ansvar for sende inn søknadar på midlar
- Nestleiar Sandra Vågsæther Tjore, ansvar for å sette i gang/organisere dugnad
- Medlem Linn Hareide, ansvar for å ta med fane 17.mai og fordele
- Medlem Greta Buloviene, ansvar for å sette i gang planlegging/organisering av sommarfest
- Kommunal representant: Stine Fjørstad
- Personalrepresentant: Reidun Berge Giskehaug og Marlen Hjellbakk
- Sekretær Susan Aambakk Helsem

KORLEIS KAN DYKK SOM FORELDRE/ FØRESETTE PÅVERKE BARNEHAGEN SI VERKSEMD?

- Dagleg kontakt i bringe og hente situasjon
- Kontakt med foreldrerådet
- Representant i samarbeidsutvalet
- Vere ein aktiv deltakar i evaluering/brukarundersøkingane i bhg.
- Ta kontakt med personalet
- Foreldresamtalar haust/vår

MÅNAD	AKTIVITETAR/ARRANGEMENT
September	Foreldremøte
Oktober	Foreldresamtalar
November	Foreldresamtalar
Desember	Lucia Nissefest Barnehage gudsteneste
Februar	Karneval
Mars	Forut aksjon
April	Foreldresamtalar
Mai	Foreldresamtalar
Juni	Avslutningstur for førskulebarna Sommarfest (regi foreldrerådet)



DAGSRYTME	
06.40	Barnehagen opnar
07.30-08.30	Frokost for dei som ønsker det
08.20-10.20	Aktivitatar knytt til tema og lek
10.15-11.00	Formiddagsmat
11.00->	Utetid /soving for den som treng det
13.40-14.20	Ettermiddagsmat
14.20	Leik ute eller inne
16.15	Barnehagen stenger

HOVUDMÅL FOR HELSTAD BARNEHAGE

Vi skal gi barna eit trygt, godt og allsidig miljø for leik, læring og sosialisering. Barnehagen vår skal vere ein arena som bygger på verdiar som **LIKEVERD, FELLESSKAP** og **OMSORG**



SATSINGSOMRÅDET 2025- 2026


«Språk og omgrep for inkludering»

I dette ligg det at personalet skal få auke kunnskapen sin om kvifor ein skal bruke ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) til alle, og korleis ein skal bruke dette systematisk.

Kva er så ASK? Det ligg i namnet: alternativ supplerande kommunikasjon, noko ein gir i tillegg til, eller som eit alternativ til talespråk. Det kan vere bruk av teikn, bilde/symbol (som vi har på snellene, dagtavlene f.eks) eller digitale hjelpemiddel.

ASK har blitt omtala som ein nøkkel til læring og deltaking. Dette kan ein forstå utifrå at ASK kan støtte og fremme utviklinga av eit talespråk, eller vere ein alternativ måte å kommunisere på, om ein ikkje har eit verbalt språk. Ved å kunne uttrykke seg og bli forstått vil ein kunne lettare vere ein deltakar i barnehage/skule/arbeidsliv og andre sosiale aktivitetar noko som aukar livskvaliteten for alle

Vi fortset arbeidet med **ERASMUS+**, som er eit partnerskap der vi utvekslar erfaringar, kunnskap og utviklar eit samarbeids- nettverk gjennom internasjonalisering med andre europeiske land innanfor barnehagesektoren. Prosjektet går ut på å få ei auka forståing for kvarandre sine kulturar, språk, hauste erfaringar og kunnskap frå kvarandre som vi kan nytte i vår barnehagekvardag. Dette året vil vi ha spesielt fokus på språkopplæring i barnehagane i samarbeidslanda.





MÅLTID I BARNEHAGEN

Vi har **tre måltid for dag**, frokost, formiddagsmat og ettermiddagsmat.

Barnehagen kjøper inn alt. Eit basis måltid består av brød, knekkebrød, grønnsaker, ulike pålegg og frukt.

Varmmat har vi ca. tre dagar i veka (middag, suppe, grøt, ostesmørbrød m.m.)

Nytt av året er «Suppemandag». Kvar mandag lagar vi suppe frå bunnen av. Ei gruppe barn er med å lagar til suppe til resten av barnegruppa. Middagsmat og suppen vil stå på vekeplan som ligg på Visma.

Vi kjøper også inn yoghurt som vi serverer med havregryn og frukt som vi har av og til.

Matjungelen er eit aktivitetsprogram for barnehagen, der barn kan utforske ein jungel av mat og oppleve matglede i fellesskap. Barna kan leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden. I Matjungelen kan barna og personale utforske 5 tema:

- **Naturens ressurser**
- **Måltids glede**
- **Matkultur**
- **Matmot**
- **Matlaging**



Gjennom å ha fokus på Matjungelen, kan vi styrke barna sitt språkmiljø og auke omgrep, ved å setje ord på mat, ulike smakar, konsistens, formar, fargar som omgir barna under eit måltid, både heime og i barnehagen.

For meir informasjon og tips til aktivitetar og matoppskrifter: www.matjungelen.no

Ein dag i veka får ei gruppe barn vere med å tilbreide mat for resten av gruppa. Dette er som oftast varmmat/gjærbakst.

Betaling av mat er kr 400,- per mnd. Dette kjem i tillegg til betaling for barnehageplassen. Faktura blir sendt ut kvar månad frå Stranda kommune.



BURSDAGSFEIRING:

Barna feirar bursdagen sin i barnehagen ved at vi lagar krone til dei, syng bursdagssong og kosar oss med noko godt i lag med resten av barnegruppa. Barna kan velje mellom ulike ting, kanskje litt sesong avhengig.

Vi sender ut ei melding via Visma app med nokre alternativ, der de foreldre kan seie kva de ønsker vi skal lage.

INVITASJONAR TIL PRIVAT BURSDAGSFEIRING:

Vi opplever at det blir lagt ut invitasjoner til privat bursdagsfeiring i hyllene til barna. Dette er heilt greitt for oss så lenge det er objektivt målbare kriterier for kven ein inviterer (til dømes alle jentene, alle gutane eller dei på same alder). Barna er svært oppteken av dette og diskuterer kven som er invitert osv. Det blir derfor svært sårt å vere den som ikkje er invitert. **Vel ein å sette nokon utanfor, får ein ikkje bruke barnehagen til utdeling av bursdagskort.**



FØRSKULE:



Førskulegruppa (barn som går siste året i barnehagen før skulestart) har eit eige opplegg ein gong for veka (sjå eigen plan for dette). Planen er utarbeida etter ein «mal» som alle barnehagane i Stranda kommune brukar.

”Malen” gir ein peikepinne på kva førskulebarna skal få kjennskap til og på denne måten får ein eit tilnærma likt utgangspunkt før skulestart.

MÅL FOR FØRSKULE:

- Skape samhald og danne vennskap.
- Få kjennskap til matematiske omgrep og tala frå 1-10.
- Få ein forståing for språket vårt og alfabetet.

OVERGANG BARNEHAGE- SKULE:

Stranda kommune har laga ein plan for korleis overgangen mellom barnehagen til skulen skal vere ”**Den gode skulestart**”. Dette er ein plan som forpliktar både barnehagen, skulen, helsestasjonen og eventuelt PPT.

For barnehagen inneber planen i hovudtrekk:

- 4/5 førskuletreff for alle barnehagane.
- Foreldresamtalar haust og vår med fokus på skulestart og førebuing til dette.
- Besøke Ringstad skule.
- Besøk av 1.klassingane på hausten.
- Besøk av 1.klasselærar i barnehagen våren/sommaren før skulestart

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode vilkår for utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med barna sin heim



NYE BARN

Nye barn og foreldre blir invitert til barnehagen før oppstart. Det blir sendt ut informasjon og div løyveskjema på førehand som de tek med til barnehagen på besøksdagen. Under dette besøket har vi ein uformell samtale med foreldre der vi utveksla informasjon, slik at oppstarten blir så trygg og god som mulig både for foreldre og barn. Helseattest **skal** vere signert før barnet startar i barnehagen.

TILVENNING

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene leggje til rette for at barna får ein trygg start i barnehagen. Dette gjer vi ved å organisere tid, tilpasse rutinar og ha ein god dialog med foreldra og deira ynskjer og behov. Tilvenning og det å bli trygg i barnehagen er veldig individuelt. Det vi erfarer er at det kan vere lurt å sette av litt tid dei første vekene både til å vere i lag med barnet i barnehagen men også fleksibilitet til å hente barnet litt tidlegare i starten (kortare dagar). På den måten får barnet tid til å bli kjent med dei nye vaksne og eit nytt miljø.

KONTAKT MELLOM HEIM OG BARNEHAGE



VISMA APP

Min Barnehage Foresatt er ein kommunikasjonsapp som du lastar ned på telefonen din gratis. Kommunikasjon er kun mellom barnehagen og de som foreldre. Ved å bruke denne appen kan du trygt kommunisere med dei tilsette i barnehagen og barnehagen kan kommunisere med de som foreldre. Ved å bruke denne appen vil dei tilsette ha god oversikt over barna i barnehagen. All kommunikasjon går via app og de vil få innføring i korleis de tek den i bruk frå barnehage.

DAGLEG KONTAKT

Den daglege kontakta når barna kjem og blir henta er viktig. Då kan vi gi og ta imot beskjedar og snakke om ting som har skjedd i løpet av dagen. For de skal kunne snakke med barna sjølve har vi tatt i bruk Dagbok funksjon på Visma appen, her kan de som foreldre halde dykk orientert om kva vi har heldt på med både via tekst og bilder. Vi opplever at ved å bruke bilder kan de lettare å komme i ein dialog med barnet om deira opplevingar rundt barnehage-kvardagen. Vi brukar **Visma app** til å gi beskjedar, meldingar m.m., så ver flink å gå inn å sjekk om der er noko nytt du som foreldre treng å vite.

FORELDRESAMTALAR

Pedagogane kallar inn til foreldresamtale to gongar i året. Dette er ein samtale der foreldre får vite om barnet sitt og kvardagen dei har i barnehagen. Foreldra får også eit innsyn i det barnehagen ser av progresjon og utvikling jmfr. «Alle med» skjema og vanlege observasjonsskjema. Foreldra får på førehand informasjon om kva for punkt vi ynskjer ein kan tenke over før samtalen og om der er spesielle ting vi bør ta hensyn til. Dei innspel foreldra kjem med under samtalen blir også ført inn i skjema. Det er sjølv sagt mogleg å avtale foreldresamtalar utover dette dersom ein ønskjer det.

FORELDREMØTE

Barnehagen arrangerer 2 foreldremøte i løpet av barnehageåret. Eit på hausten der ein har val av foreldrerådet, samarbeidsutvalet og informasjon om barnehagen sine planar framover. På våren eit foreldremøte der ein kan evaluere barnehageåret, eller tema som kan gi både foreldre og personalet litt ”fagleg påfyll” frå ulike faginstansar som vi samarbeida med gjennom eit barnehageår.

DOKUMENTASJON



HALVÅRSPLAN

Halvårsplan er den pedagogiske delen av årsplanen og må sjåast i samanheng med den. Innhaldet i halvårsplanane skal synleg gjere kva barna opplever, lærer, får kjennskap til og gjer i barnehagen. Planen skal vise dei 7 fagområda og krava som Rammeplan 2017 pålegg oss. Når ein utarbeidar ein halvårsplan tek vi utgangspunkt i Rammeplan 2017 og dei 7 fagområda som står der (www.udir.no). Halvårsplanen er eit reiskap som vi brukar som utgangspunkt når vi utarbeidar vekeplanar.

VEKEPLANAR

Vi deler ut planar for 2-4 veker i gongen. Planane heng på døra i garderoben og på Visma app. Vekeplanane er ein meir detaljert plan som har sitt utgangspunkt i halvårsplan. Barna si interesse og engasjement er noko vi legg stor vekt på og skal gjenspegle det som står i vekeplanen.

UTVIKLINGSMØTE

Om lag ein gong i månaden har personalet utviklingsmøte. Er det saker du vil vi skal ta opp der kan du gi beskjed til styrar. Du kan også ta det opp med leiar i foreldrerådsstyret, så kan leiaren formidle det vidare til styrar. Tema på møta er blant anna fagleg påfyll, HMS og evaluering av det pedagogiske opplegget og kvardagssituasjonar.

EVALUERING

Evaluering av halvårsplanane blir gjennomført ved nyttår og i juni. Evalueringane blir nytta som eit reiskap for seinare planar og vidare arbeid i barnehagen.

BILDE

Vi tek mange fine bilde i barnehagen. Gjennom bilde blir kvardagen i barnehagen, turar og andre aktivitetar dokumentert. Bilda blir lagt inn på Visma dagbok og lagra på barna sine mapper. Til jul og sommaren legg vi dei over på MINNEPENN som foreldra får. Får å få dette må ein skrive under på eit løyveskjema og ta med minnepennen som de har fått utdelt.

NB: Vi er usikker på denne løysinga mtp minnepenn og ta opp dette på foreldremøte i haust.

BARNEHAGEN SITT INNHOLD

Barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd og ein kulturberande og kulturformidlande institusjon.

”Lov om barnehagar” og ”Rammeplan for barnehagen” gir retningslinjer for barnehagen sine oppgåver og innhald.

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Målet med Rammeplanen er å gi styrar, pedagogisk leiar og resten av personalet ei forplikta ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd.

For å lette barnehagen si planlegging av eit variert og allsidig pedagogisk tilbod, er barnehagen sitt innhald delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

Korleis fagområda blir tilpassa det enkelte barn og gruppa sine interesser og det lokale samfunnet, er opp til den enkelte barnehage å bestemme.

Dei sju fagområda:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsele, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Mengd, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.



Eit fagområde vil sjeldan eller aldri opptre åleine. Dei vil vere representert gjennom tema arbeid og i samband med kvardagsaktivitetane (sjå halvårsplan).

Rammeplanen kan lastast ned her: www.udir.no

VÅRE SAMARBEIDSPARTNERAR



PEDAGOGISK- PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT er ein fagleg instans som kan gi sakkunnig vurderingar og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehager ynskjer samarbeid og hjelp i forhold til enkeltbarn, må foreldra gi samtykke til dette.

BARNEVERNET

Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga får nødvendig hjelp og omsorg. Barnehage og barnevernet er to av fleire aktørar som er med på å skape trygge oppvekstvilkår for barn.

Tilsette har plikt til å melde frå dersom ein har mistanke om at barn vert utsette for omsorgsvikt.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremmande arbeid for å trygge barn sine oppvekstvilkår i kommunen. Og for å foreslå at det vert søkt barnehageplass for barn med særskilde behov.

Barnehagen kan søke råd, og formidle kontakt mellom barna sin heim og Helsetenesta.

KOMMUNEN

Stranda kommune har tilsynsmynde for alle barnehagane i kommunen.

Det er felles opptak til barnehagane i Stranda Kommune.

Styrar deltek på Leiarforum som blir leia av Rådmannen. I leiarforum er det administrasjonen og alle einingsleiarane som møtest og diskuterer saker som angår Kommunen og dei ulike einingane.

Styrar er og på "Styrmøte". Desse møta blir leia av kommunalsjef oppvekst og er eit felles møtepunkt for dei kommunale og private barnehagestyrarane.

BTI

Betre tverrfagleg innsats er ei gruppe som består av barnehagen, PPT, Helsestasjon, Barnevern. Styrar kallar inn til møte 2 gongar i året for å kunne diskutere saker som kan løysast på lavast mogleg nivå og så tidleg som mogleg. Dette er for å kunne fange opp og hjelpe barn raskare enn det vi har klart tidlegare.

VERDIVEGGANE TIL HELSTAD BARNEHAGE



Helstad barnehage,
-fellesskap og nye opplevingar er vårt fokus!

Engasjert	Glede
• Ta initiativ og vere løysningsorientert. • Vere vitebegjærlig og arbeid bevisst mot måla vi har sett oss. • Vis handlekraft og vere ein god rollemodell • Bidra til at barn opplever mestring og utvikling.	• Framelsk barn sin humor og glede • Gi ros og ver raus • Vis glede vere positiv og hjelpsom • Vere imøtekommande • Del glede med kvarandre • Sjå gleda i å meistre
Respekt	Profesjonell
• Vere anerkjennande • Ulike meinigar er lov • Vere høflig mot alle • Vis/gi tillit • Møt barna på deira nivå • Alle er ulik men like viktig	• Fokus på kvifor vi er her • Vere bevisst formålet med barnehagen • Samarbeidsvillig, endringsvillig • Ta ansvar • Vere konstruktiv og kreativ • Vere tilstades



BARNEHAGERUTA FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR 25/26

August:

Tirsdag 5.august først dag etter sommerferien.

Desember:

Mandag 22.des til 4.januar, juleferie og plandag barnehagen er stengt.

Januar:

Mandag 5.januar er første dag etter nyttår.

Mars:

Måndag 30. mars til og med mandag 6.april, påskeferie og plandag barnehagen er stengt.

Tirsdag 7.april første dag etter påske.

Mai:

Fredag 15.mai plandag, barnehagen er stengt

Juli:

Barnehagen er stengt i veke 28, 29, 30 og 31. Sommerferie



BRUK VISMA APP KALENDER FOR OPPDATERT INFORMASJON

